

Ut på bygda, inn i bøkene

Rapport etter formidlingstiltak støtta av Nasjonalbiblioteket 2021.

Bakgrunn og refleksjon

Då eg satt med statistikkinnleveringa til Nasjonalbiblioteket no nyleg blei det klart for meg at den aktive formidlinga og prosjektet me fekk støtta frå Nasjonalbiblioteket eine og aleine har æra for at me hadde ein viss auke i utlån samanlikna med 2020. I utgangspunktet er ikkje dette noko å rope eit stort hurra for, då 2020 var eit rart og svakt år for oss (og dei fleste andre). Men 2021 var full av «tilbake-til-start» opplevingar og det gjekk ut over alt. Heldigvis hadde me prosjektet frå Nasjonalbiblioteket som fekk oss til å halde fokus på det viktige og bibliotekarane våre klarte på denne måten formidla mykje til barn- og unge utover heile året.

Kva gjorde me

Prosjektet blei definert om i forhold til slik me hadde tenkt. Det var umogleg for oss å halde lesering på skolebibliotek då det var rødt nivå på skular og verken me eller andre vaksne utanfrå var velkomne inn dit. Me bestemte oss difor raskt for å gjere dette om til eit reint formidlingsprosjekt med bøker ut til elevane og inn i klasserommet. I eit tilfelle fekk eit trinn formidling på video pga. tidsnød (sender gjerne denne 12.minutts filmen om interesse) Vårt fokus var å få dei gode bøkene ut til elevane. Me hadde to pilot-skular i prosjektet som fekk besøk på alle trinn Det var ein 1-7 skole og ein 1-4 skole. Det me

merkar er at når me er hyppig ute og viser oss så blir det så mykje enklare for skulane å ta kontakt tilbake

I andre del av prosjektet – hausten 2021 fokuserte me på dei to andre skulane som ikkje hadde vore med i pilot-prosjektet. Her besøkte me 5. og 7.trinn ved desse skulane fleire gonger på eit halvår.

Bonus i prosjektet var at me også fekk testa ut formidling til 8.trinn 9.trinn på begge ungdomskolar og 10.trinn på den eine.

I løpet av prosjektet har barne- og ungdomsbibliotekarane ved Enebakk bibliotek besøkt 50 klassar og formidla for cirka 1180 elevar (nokre er telt fleire gonger grunna fleire besøk.) Det eit høgt tal av barn og unge på mange trinn som har hatt besøk av barne- og ungdomsbibliotekarane ved Enebakk bibliotek med nye bøker og formidling.

Kva lærte me

Me lærte gjennom denne erfaringa ulike fokustrinn som er lure å sette søkelyset på. Gjennom prosjektet lærte me at det er avgjerande å nå elevane på 7.trinn – fordi me i mange år har mista elevane når dei begynner på ungdomsskolen. Me lærte at det er veldig nyttig å besøke dei heilt små elevane på 1.trinn, sjølv om det kan vere ei utfordring å finne god og tilpassa litteratur (det er mykje såkalla «lettlese» litteratur som ikkje er lettlesen!) Me lærte at det er svært nyttig å få kontakt med ungdomsskolen som har vore ei utfordring for oss i fleire år.

Me lærte ein god del om nivåforskjeller. Ikkje berre mellom 1.trinn og 7.trinn – men også nivåforskjeller mellom 3.trinn og 4.trinn. Desse forskjellane var større enn me har vore klar over og reflektert over tidlegare.

Me har sett at det manglar bøker – det er for få bøker som passar til moden ungdom, men som er lettlese og enkle i språk og oppbygging. Dette verkar som er eit større behov for dette enn tidlegare då ungdommen ser ut til å ha svakare leseferdighet eller i alle fall lågare lesekondis.

Me erfarte at me fekk utvikla våre eigne evner til å snakka om bøker – til å finne fram til eit godt formidlingsspråk. Det var fint å kunne øve seg på å bruke ulike inngonger til ei forteljing for å vekke nyfikenheit. Me lærte at det er viktig å ha god dialog med elevane. Vår oppgåve er å lage gode, opne spørsmål og la elevane komme med eigne innspel.

Me har lært mykje om fleksibilitet og improvisasjon – ting går ofte ikkje som planlagt- då er det viktig å kunne gjere endringar undervegs. Etter å ha brukt mykje tid på å oppdatere oss på aktuell litteratur har me opplevd ein bonus at det er mykje lettare å ta ein bokprat på sparket, me finn alltid bøker å prata om.

Tidsbruk og budsjett:

Me brukte rundt rekna 20 dagsverk på planlegging, lese-dagar, klargjering av bok-kassar, utkøyring og gjennomføring av formidlingsopplegget vårt. Dette dekker meir enn oppsett eigeninnsats i prosjektet. I tillegg var barnebibliotekarane meir fristilte på

onsdagane, den dagen vikaren jobba, noko som gav dei rom til å fordjupa seg i litteratur og formidling.

Me brukte også eigne midlar på profesjonell filming av den formidlinga som vart sendt ut til den eine skulen.

Kva kunnskap kan me ta med vidare:

- Dess meir synlege biblioteket blir for skulen – dess lettare er det for skulen å ta kontakt – og dess meir brukt blir me.
- Fleksibilitet 1: Me måtte gjere om på opplegget vårt i forhold til kva me hadde tenkt – me hadde møte med den eine skulen og leiinga og spurte: kva ønsker de? Dei ønska seg formidling i klasserommet og fekk det.
- Fleksibilitet 2 : Me har begynt med kortare formidlingar. Lenge har me trudd at ei formidling frå biblioteket må vare ein skuletime – altså 45 minutt, men ofte kan ei kort formidling vere meir effektiv. Til dømes ei formidling på 20 minutt og så kan elevane ha tid til lesing og fordjuping etterpå.
- Tryggheit i formidlingsrolla. Dess meir me formidlar dess flinkare og tryggare blir me og me tør meir i neste omgang.

Enebakk 26.04.2021

Oddmund Kårevik

Biblioteksjef Enebakk bibliotek